

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 03.02.2010 Kl 0830 - 1530

Møtestad: Rica Neptun Hotell, Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen (styreleiar)
Aud Berit Alsaker Haynes (nestleiar)
Ohene Aboagye
Gunnar Berge
Gerd Dvergsdal
Gisle Handeland
Torill Selsvold Nyborg
Gro Skartveit
Nils P Støyva
Helge Espelid
Lise Karin Strømme
Aslaug Husa
Bente Pilskog (varamedlem)

Forfall frå styret

Reidun Johansen

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Eigardirektør Ivar Eriksen
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Torunn Nilsen referent

Sakliste		Underlag
1/10 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
2/10 B	Godkjenning av protokoll 22. desember 2009	Vedlagt
3/10 O	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
4/10 B	Rapportering frå verksemda per november 2009	Vedlagt
5/10 B	Innkjøpsprogrammet 2007-2010 - organisering av innkjøpsarbeidet i regionen	Vedlagt
6/10 B	Justering av resultatkrava for 2009	Vedlagt
7/10 B	Budsjett 2010 for Helse Vest RHF - administrasjonen	Vedlagt
8/10 B	Konsernbudsjett 2010 og justering av inntektsramma til helseføretaka	Vedlagt
9/10 B	Langtidsbudsjett 2010 - 2014, med investeringsbudsjett 2010	Vedlagt
10/10 B	Forprosjekt for "Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin" - BUSP - fase 1	Vedlagt
11/10 B	Oppdragsdokument 2010 Helse Vest RHF	Vedlagt
12/10 B	Føretaksmøtet i Helse Vest RHF 27. januar 2010	Delt ut i møte
13/10 B	Retningslinjer for risikostyring, revidering 2009/2010	Vedlagt
14/10 B	Regionalt brukarutval - vurdering av formalisert brukarmedverknad i Helse Vest RHF	Vedlagt
15/10 B	Spesialisthelsetenesta til eldre - rapport frå arbeidsgruppe	Vedlagt
16/10 B	Søknad om utvida sjukehuskonsesjon i Haugesund - Privatsykehuset Haugesund	Vedlagt
17/10 B	Prosess for val av nye styre i underliggjande helseføretak	Vedlagt
18/10 B	Plan for internrevisjon 2009 - 2011	Vedlagt
19/10 O	Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF 14. 10. 2009	Vedlagt
20/10 O	Program Eigedom - status og vidare framdrift	Vedlagt
21/10	Eventuelt	Vedlagt
23/10 O	Orientering om val av ny revisjonskomite til styret	Delt ut i møte

Lukka del

Sak 22/10 B er U.Off. jf. Offentleglova § 23 1. ledd

22/10 B	Kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester	Vedlagt
---------	---	---------

Presentasjon av private ideelle institusjonar ved Signe Nijkamp, leiar av Jæren DPS

Signe Nijkamp orienterte om aktiviteten ved dei private ideelle institusjonane i Helse Vest: Voss DPS, Bjørkeli DPS, Olaviken alderspsykiatriske sykehus, Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus, Solli DPS. Hospitalet Betanien, Haraldsplass Diakonale Sykehus og Jæren DPS.

1/10 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Styreleiar presenterte og ønskja Aud Berit Alsaker Haynes velkommen som nestleiar i styret for Helse Vest RHF.

Styreleiar orienterte om at møtet ville bli lukka under behandling av sak 022/10 B – Kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester, med heimel i Offentleglova § 23, 1. ledd.

Forfall:

Reidun Johansen hadde meldt forfall til møtet. Bente Pilskog møtte som vara.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til sak 009/10 B Notat til styresak 009/10 B

Til sak 010/10 B Notat til styresak 010/10 B

Til sak 012/10 B Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 27. januar 2010

Til skriv og meldingar - Brev frå Nordfjordrådet til styret i Helse Vest RHF, dagsett 02.02.10

Ny sak 023/10 O Orientering om val av ny revisjonskomite til styret

Eventuelt:

Følgjande sak vart meldt til eventuelt:

Orientering om situasjonen i Helse Fonna HF, etter mediaoppslag om sjukehuset på Stord (TSN)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

2/10 B Godkjenning av protokoll 22. desember 2009

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 22. desember 2009.

3/10 B Administrerande direktør si orientering

1. Bruk av korridor plassar i Helse Stavanger

Bruk av korridor plassar innan somatikk i Helse Stavanger har hausten 2009 og fram til årsskiftet, med noko variasjon, låge om lag på same nivå, dvs omkring 20 plassar i snitt pr veke.

Situasjonen har endra seg radikalt i veke 1 og 2 i 2010. Bruken av korridor plassar er dobla til mellom 40 og 45 i desse to vekene. Det heng truleg saman med sterkt press på

sjukehuset i desse vekene med m.a. mange skadar. Det er likevel ikkje akseptabelt for pasientane og Helse Stavanger må ta naudsynte grep for å redusera bruken av korridor plassar i tråd med dei måla som er sett.

Dette har også påverka talet på "uteliggjarar", dvs pasientar som må leggest på andre einingar.

Helse Stavanger har også brukt 1 til 2 korridor plassar innan psykisk helsevern dei siste 2 månadane. Det er ikkje i tråd med krav som er stilt.

Hotellbelegget var lågt dei siste vekene før årsskiftet. I veke 1 og 2 har der vore høvesvis 47 og 49 pasientar på pasienthotellet. Arbeidet med å auke bruken må halde fram.

2. Bruk av korridor plassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen

Det har vore mindre press på akutt-/korttidseiningane i desember 2009. Det blei likevel nytta 2 korridor plassar ein dag. Avviket blei fort korrigert.

Fram til dags dato i januar 2010 (19.01.10) har det ikkje vore nytta korridor plassar. Det har likevel vore eit relativt høgt belegg og stort press på bruken av plassane.

Det er tidligare vist til at ei hovudutfordring er dei mange utskrivingsklare pasientane. Det er no ein dialog med Bergen kommune om etablering av eit tilbod for ca 20 av pasientane.

Det er elles vesentleg at Helse Bergen i samarbeid med alle DPS-a i Bergensområdet fortsatt aktivt arbeidar for å snu pasientstraumen slik at fleire pasientar vert tilvist direkte til DPS-a.

3. Nevrokirurgi i Helse Vest

Situasjonen ved dei nevrokirurgiske avdelingane i Stavanger og Bergen er stabil. Vaktdekninga er god til og med juni. Styret ønskja vidare rapportering på dette punktet kun ved avvik.

4. Arbeidsintensive investerings- og vedlikehaldstiltak i 2009 – regjeringa si tiltakspakke

Framdrifta per denne rapporteringa er i samsvar med plan. Status for føretaka er som følgjer:

- Helse Bergen melder at alle prosjekta er ferdigstilt, men at det gjenstår noko på endeleg dokumentasjon og fakturering.
- Helse Fonna melder at prosjektet er ferdig, men at det gjenstår noko på dokumentasjon. Det er samstundes rapportert at uføresette kostnader har ført til eit overforbruk på kr 4,5 mill.
- Helse Stavanger rapporterar at prosjekt knytt til MOBA er i tråd med plan. Isolata og intensiv er ferdig. For dei resterande prosjekta gjenstår mindre arbeider.
- Helse Førde er ferdige med sine prosjekt med unntak for Tronvik. Med bakgrunn i asbestfunna blir dette prosjektet forsinka med 1,5 månad. Det er forventa at areala vil vere innflyttingsklare i veke 7. Kostnadane ved asbesteksponeringa utgjer ca kr 800.000,-.
- Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus og Haraldsplass Diakonale sjukehus har begge ferdigstilt sine prosjekt.

5. Oppnådde resultat i 2009

2009 har vore eit krevjande, men innhaldsrikt år for føretaksgruppa i Helse Vest. Saman med helseføretaka kan Helse Vest RHF vise til ei rekkje positive resultat innan så ulike

område som økonomi, pasientbehandling, forskning, strategi, IKT, innkjøp og organisasjonsutvikling.

Notatet gjer ein kortfatta oversikt over nokre av resultata.

6. Årsrapport 2009

Styret ønskja å nytte same mal som tidlegare til årsrapporten for 2009

7. Kapitalutvidning i Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS

Selskapsmøtet i Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS (heretter kalt HSP) vedtok i møte 11. januar 2010 ei kapitalutvidning med kr 10 millionar. Den totale selskapskapitalen er etter dette på kr 17,5 millionar.

Helse Vest sin eigardel av HSP er 20%.

Kapitalutvidinga blir brukt til å dekke behov for likviditet til drifta, samt å finansiere investeringar på 6 millionar.

Selskapsmøtet har vedteke at storleiken på innskoten kapital og øvrig finansiering skal bli vurdert årleg i samband med behandlinga av rekneskapen for HSP.

Styret blei med dette orientert om kapitalutvidinga i Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS.

8. Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 16.11.09 - 17.01.10

Administrasjonen viste til utsendt notat.

9. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 16.11.09 - 17.01.10

Administrasjonen viste til utsendt notat.

10. Oversikt over høyringar per 17.01. 2010

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

4/10 B Rapportering frå verksemda per november 2009

Oppsummering:

Med unntak av døgnbehandling innan psykisk helsevern for vaksne er aktivitetsutviklinga i Helse Vest positiv per november 2009. Ventetidsutviklinga per desember 2009 viser at dei gjennomsnittlege ventetidene er lågare enn for eit år sedan innan alle dei tre fagområda, sjølv om dei peikar litt oppover i desember 09. Vidare er ventetidene i gjennomsnitt kortast for dei prioriterte pasientane, både for ventande og avvikla pasientar. Epikrisetidene held seg framleis stabile rundt 75 % innan psykisk helsevern og rett rundt 60 % innan somatikken.

Akkumulert resultat pr november er minus kr 2,4 mill som er kr 126,2 mill dårlegare enn budsjettet. Resultatet korrigerert for avsetning til reserve utgjør eit positivt avvik på kr 52,6 mill pr november. Apoteka har betra prognosen med kr 1,6 mill frå førre rapportering medan Helse Fonna har ei forverring av prognosen på kr 5 mill frå førre rapportering. Dei andre føretaka opprettheld sine prognoser. Samla realisering av tiltakspakka gjekk opp med eit prosentpoeng frå oktober til november, men Helse Førde og Helse Fonna melder om ei lågare forventa omstillingseffekt ved årets slutt slik at realiseringa for føretaksgruppa går eit prosentpoeng ned.

Førebels resultat for desember og førebels resultatprognose for året vart gjennomgått i møtet.

Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest for oktober er registrert med 7,5 prosent og 7,8 for desember 2009. Sjukemeldt sjukefråvær var på 6,3 prosent for oktober og 6,4% for november 2009.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var per desember 2009 16 572 som er ein auke på 12 netto månadsverk frå november 2009. Samanlikna med desember 2008 er det ein auke på 178 netto månadsverk. Føretaka har kjørd ekstra lønskjøring for å få med mest mogleg av timar for 2009 som naturleg ligg att etter ordinær lønskjøring for desember. Dette slår ut på netto månadsverk for desember totalt sett, men er i seg sjølve ikkje ein negativ trend, men ein positiv kvalitetsforbetring.

I omdømmemålinga for desember 2009 er resultatet for det regionale helseføretaket betre enn i nokon av dei tidlegare målingane.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapportering frå verksemda per 30. november 2009 til etterretning.

5/10 B Innkjøpsprogrammet 2007-2010 - organisering av innkjøpsarbeidet i regionen

Oppsummering:

Styret i Helse Vest RHF fatta i 2007 følgjande vedtak i sak 095/07 B :

"Styret tek forprosjektet for Innkjøpsprogrammet 2007-2010 til etterretning og sluttar seg til at Innkjøpsprogrammet blir satt i verk med dei delprosjekta som kjem fram i rapporten frå forprosjektet."

Sluttrapport frå delprosjekt Organisering og produktområdeinndeling vart sendt til høyring 29.september 2009, med høyringsfrist 22.desember 2009.

Resultat av høyringa gjev grunnlag for å organisere innkjøpsfunksjonane etter ein sentralstyrt modell. Det vidare arbeidet inkluderar implementering av fire pilotkategoriar i 2010 og styrking av sentral innkjøpsstab med to stillingar.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest sluttar seg til at innkjøpsfunksjonane blir organisert etter ein sentralstyrt modell.

2. Styret tar til etterretning at det er brei oppslutning om innhaldet og retninga i innkjøpsprogrammet 2007-2010, og ber om at programmet blir lagt til grunn for det vidare arbeidet.

3. Det blir oppretta 2 nye stillingar i RHF-et knytta til innkjøpsområdet.

6/10 B Justering av resultatkrava for 2009

Oppsummering:

Denne saka er ei oppfølging av styrevedtak 2. desember, sak 108/09, angående endring av resultatkravet for helseføretaka i 2009. Resultatkrava til helseføretaka blir justert tilsvarende gjestepasientkostnadene innan rehabilitering.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF vedtar følgjande justerte resultatkrav for 2009:

Resultatkrav 2009	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Opprinneleg resultatkrav 2009	20 000	-	25 000	-40 000	7 833	105	40 000	52 938
- justering av resultatkrav pga gjestepasientar rehabilitering	-8 456	-5 934	-12 125	-6 389	-	-	32 905	
Justert resultatkrav 2009	11 544	-5 934	12 875	-46 389	7 833	105	72 905	52 938

7/10 B Budsjett 2010 for Helse Vest RHF - administrasjonen

Oppsummering:

Administrasjonsbudsjettet blir vidareført på 2009 nivå med ein justering for to nye årsverk innan regionalt innkjøpsarbeid.

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 108/09 Inntektsfordeling 2010, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen på kr 96,6 mill inkl. løns- og rekneskapscenteret (LRS).

Administrerande direktør tilrår følgjande budsjettamme for 2010:

Administrasjon	Beløp
Overført fra kjøp av helsetjenester i 2009	96 639
Deflator 3,1 %	2 996
Budsjettgrunnlag 2010	99 635
2 nye årsverk Innkjøp	1 722
Overført fra kjøp av helsetjenester i 2010	101 357

Lønns- og regnskapscenteret (LRS) har flytta til eigne lokalar og budsjettet er i samband med dette justert med nye budsjettbehov. Kostnadsdelen er likevel omtrent kr 0,5 mill lågare enn i 2009 og skuldast i hovudsak at posten for kjøp av konsulenttenester er redusert. LRS har eit resultatkrav på kr 0,- i 2010 og inntektene er fordelt slik:

LRS FINANSIERING 2010	IKT	RHF	APO	Sum 2010
UTFAKTURERES/Budsjettforslag 2010	2 121	3 511	2 068	7 700

Alle tall i heile tusen

RHF administrasjonsbudsjettet finansierar kr 3,5 mill medan resten av ramma blir finansiert av Helse Vest IKT as og Apoteka Vest HF.

Styret ba om å få framlagt ein oversikt over stillingar og kostnader til kjøp av konsulenttenester i alle RHF-a til eit av dei neste styremøta.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtar budsjett 2010 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Det blir oppretta 2 nye stillingar i RHF-et knytta til innkjøpsområdet.

8/10 B Konsernbudsjett 2010 og justering av inntektsramma til helseføretaka

Oppsummering:

Helse Vest la i møtet den 2. desember 2009 fram sak 108/09 B Inntektsfordeling 2010 og resultatkrav 2010.

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2010 og fastsatt resultatkrav behandla og vedtatt sine budsjett for 2010 i dei respektive styra. Helse Vest legg med basis i desse vedtaka fram sak om konsernbudsjett 2010 samt likviditetsbudsjett.

Denne saka tek opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2010.

I tillegg er det gjort fordeling av budsjettpostar som ikkje var tatt omsyn til i sak 108/09 B.

Vedtak (samrøystes):

1. Konsernbudsjett 2010 for føretaksgruppa Helse Vest blir vedtatt med følgjande resultatbudsjett for føretaka:

Forslag til resultat-disponering 2010	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2010	26 323	10 000	110 000	-40 000	7 833	105	43 677	157 938
Økonomisk balansekrav	0	0	0	-40 000	0	0	40 000	0
Styrking av likviditet/investeringssgrunnlag	26 323	10 000	110 000	0	7 833	105	3 677	157 938

2. Inntektsramma som blei vedtatt under sak 108/09 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2010 sak 108/09 B	4 099 342	2 306 060	6 856 907	1 871 318	2 857 781	17 991 408
Oppdatert inntektsramme frå staten:						
Habilitering og rehabilitering og tiltak rusmiddelavhengige					-4 218	-4 218
Helseundersøkinga Gulen og Masfjord					2 500	2 500
Forskning og medisinske kompetansesentra					76	76
Tilskot til turisteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar					284	284
Utviklingsområde innfor psykisk helsevern og rus					4 036	4 036
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde					-58	-58
Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:						
Justering overslagsløyving ISF poliklinikk				5 121	-5 121	0
Helseundersøkinga i Gulen og Masfjord			2 500		-2 500	0
Pasientreiser	4 436	5 016	5 168	7 210	-21 830	0
Rusmestringeining ved fengsela i Stavanger og Bergen	645		645		-1 290	0
Prøveordning narkotikaprogram med domstolskontroll			807		-807	0
Etablering av Soningseining for dei under 18 år			930		-930	0
Vurderingseining for inntak til private rehab institusjonar			2 500		-2 500	0
Regionalt autissemiljø og regionalt fagmiljø ADHD	699	686	2 059		-3 444	0
"Kropp og sjølvkjendisle" - spiseforstyrning			1 674		-1 674	0
Sum endringar	5 780	5 702	16 283	12 331	-37 476	2 620
Oppdatert inntektsramme 2010	4 105 122	2 311 762	6 873 190	1 883 649	2 820 305	17 994 028

3. Administrerende direktør kan foreta nødvendige omdisponeringar av budsjettpostane innafor den totale budsjetttramma.
4. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

9/10 B Langtidsbudsjett 2010 – 2014 med investeringsbudsjett 2010

Oppsummering:

Helseføretaka har vore igjennom ein fase kor det har vore fokus på budsjett 2010. Alle helseføretaka har med basis i inntektsfordelingssaka for 2010 (sak 108/09 B) behandla budsjett 2010 i dei respektive styre. I den same perioden har helseføretaka hatt krav på seg om å utarbeide langtidsbudsjett 2010 til 2014. Helse Fonna og Helse Bergen har ikkje behandla langtidsbudsjettet i sine styrar. Det same gjeld Helse Vest IKT og Apoteka Vest. Helse Stavanger og Helse Førde har innarbeida langtidsbudsjett og 5-årig investeringsplan i den ordinære budsjettsaka.

Dette var første gang helseføretaka skulle utarbeide langtidsbudsjett. Ein ser av mottatt materiale at det er varierende kvalitet på dette arbeidet, og at det er behov for å vidareutvikle prosessane rundt langtidsbudsjettering. Det er heller ikkje optimalt at dette arbeidet skjer parallelt med det ordinære budsjettarbeidet. Dette var eit forhold ein var klar over, men valte likevel å kjøre desse prosessane parallelt for blant anna å få opp eit investeringsbudsjett som var forankra i dei driftsøkonomiske og finansielle rammene.

Administrasjonen i Helse Vest vil no sette i gang eit arbeid med å auke kvaliteten på prosessen rundt utarbeiding av langtidsbudsjett. Dette gjeld så vel betre fokus på føresetnader og føringar frå RHF-et, budsjettmodellar, kompetanse og ei tettare samhandling med helseføretaka.

Langtidsbudsjettet vil ha ei årleg rullering. Det vil i junimøtet bli lagt fram ei ny sak om langtidsbudsjett som då har fokus på 2011 til 2016.

Sidan dette er første langtidsbudsjett som blir behandla av styret i Helse Vest har denne saka i hovudsak fokus på driftsøkonomisk og finansielle bereevne samt 5-årig investeringsplan.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret ber om at det blir sett i gang ein prosess med tanke på å legge fram eit gjennomarbeida langtidsbudsjett i helseføretaka og føretaksgruppa i møte den 22 juni 2010.
2. Føresetnad og føringar som blei vedtatt under sak 093/09 B skal i hovudsak leggest til grunn for denne saka.
3. Investeringsbudsjett for 2010 må styrast innafor følgjande ramme:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	IKT	Apoteka	SUM
Bygg	138 000	36 000	255 300	13 500			442 800
Medisinteknisk utstyr	72 000	42 200	90 000	5 000			209 200
Anna	64 000	12 800	70 000	3 500		9500	159 800
Helse Vest IKT as investering					229 900		229 900
Sum investeringar	274 000	91 000	415 300	22 000	229 900	9 500	1 041 700

Helseføretak som får dårlegare resultat i 2009 enn det som ligg til grunn i denne saka, må gjere tilsvarende justeringar i investeringsbudsjettet for 2010.

10/10 B Forprosjekt for Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin - BUSP fase 1

Oppsummering:

Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP) er ein del av arealplanen for Helse Bergen HF. Med denne utbygginga har Helse Bergen HF starta på første etappe av BUSP som inneheld den psykiatriske delen av utbygginga. Den somatiske delen av BUSP er lagt inn i fase 2. Totalkostnaden for BUSP fase 1 er sett til 1305 mill, og planlagd ferdigstilling er satt til 2015.

Administrerende direktør rår til at styret godkjenner at den framlagte forprosjektrapporten vert lagt til grunn for føreståande detaljprosjektering av "Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP), Fase 1.

Styret i Helse Vest vedtok i sak 81/09 ei kostnadsramme for prosjektet "Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin, fase 1" (BUSP) på 1.310 mill kroner. Det er i vedtaket i saka ikkje presisert kva kroneverdi som var lagt til grunn for denne kostnadsramma. I saksførelegget er det likevel presisert at den oppgitte investeringskostnaden på kr 1.310 mill er uttrykt i 2007 prisar.

Med bakgrunn i dette har administrasjonen i det vidare arbeidet med prosjektet, medrekna i styringsdialogen med Helse Bergen, lagt til grunn at kostnadsramma på 1.310 mill kroner var sett i 2007 kroner. Ved behandlinga av forprosjektet i styret i Helse Bergen i desember 2009 er også prisen uttrykt i 2007 nivå. Tilsvarende gjeld for saksførelegget til styret si behandling av forprosjektet for fase 1, styresak 010/10 B.

I følgje gjeldande prosedyre for behandling av investeringsprosjekt, er behandling av forprosjektet siste vedtakspunkt i Helse Vest styret. Det vil derfor vere naturleg no å justere den kostnadsramma som blir sett til kroneverdien per vedtakstidspunktet.

Ein gjer merksam på at i arbeidet med langtidsbudsjett er kostnadane ved prosjektet justert til desember 2009 prisar – dvs at prosjektet er lagt inn med ei kostnadsramme på 1.415 mill kroner. Tilsvarende gjeld for Helse Bergen sin planlegging og budsjettering. Den sama ramma er også nytta i dei oversiktane som er presenterte for Helse- og omsorgsdepartementet med omsyn til oversikt over føretaket si økonomiske bereevne. Dette gjeld også når behov for lån er presentert.

Helse Bergen er bedt om å gjere ein berekning av prisauken fram til 2010. Denne viser ein auke på 138 mill kr. Det gir ei prisjustert kostnadsramme per dato 1.443 mill kr. Dette er basert på siste kjente prisindeks.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner at den framlagte forprosjektrapporten vert lagt til grunn for føreståande detaljprosjektering av "Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP), Fase 1.
2. Prosjektkostnaden for BUSP fase 1 vert sett til 1.415 mill desember 2009-kroner, tilsvarande 1.443 mill januar 2010-kroner, medrekna renter for byggjelån og avsetnad for å oppnå 85% tryggleik for at investeringsramma ikkje vert overskriden.
3. Styret ber om at det blir søkt om 50% lånefinansiering frå sentrale myndigheiter.
4. Styret ber administrerande direktør om å etablere nødvendige oppfølgings- og rapporteringsrutinar for BUSP. Fase 1.

11/10 B Oppdragsdokument 2010 Helse Vest RHF**Oppsummering:**

Ved e-post av 18. desember 2009 har Helse- og omsorgsdepartementet oversendt oppdragsdokumentet for 2010 til Helse Vest RHF.

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2010. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene og måla som er gitt, og dei ressursane som blir stilt til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift. Oppdragsdokumentet har ein oppbygging der dei langsiktige og overordna måla blir omtalte i ei innleiing under kvar overskrift. Deretter følgjer styringsparametrar og oppgåver for 2010 som skal bidra til å oppfylle dei langsiktige måla. Relevante målsetjingar og krav som er gitt i tidlegare oppdragsdokument, gjeld framleis.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek oppdragsdokumentet for 2010 til etterretning.

12/10 B Føretaksmøtet i Helse Vest RHF 27. januar 2010**Oppsummering:**

Det har vore gjennomført føretaksmøte i Helse Vest RHF onsdag 27. januar 2010.

I føretaksmøtet formidlar eigar styringsbodskapen for 2010 og presenterar dei styringskrav som gjeld for inneverande år. Protokollen frå føretaksmøtet blei lagt fram for styret i styremøtet.

Hovudpunkt i protokollen frå føretaksmøtet er:

- Spesialisthelsetenesta sitt samfunnsansvar
- Kontroll på økonomien
- Utvikling av tenesta og sjukehusstrukturen
- Samhandlingsreforma
- Utvikling på IKT-området
- Reduksjon av sjukefråveret

- Vidareutvikling av helseføretaksmodellen
- Fokus på å sikre rett behandling til rett tid

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokollen frå føretaksmøtet til etterretning.

13/10 B Retningslinjer for risikostyring, revidering 2009/2010

Oppsummering:

Saka gjeld revidering av retningslinjer for risikostyring i Helse Vest RHF. I 2009 har det med utgangspunkt i retningslinjer for risikostyring i Helse Vest blitt gjennomført risikovurdering i 1. og 2. tertial. Erfaringane frå desse vert i denne saka gjort greie for. Reviderte retningslinjer vil følgje saksutgreiinga.

Erfaringane viser at ein vidare må ha fokus på at risikostyring handlar om styring, kontroll og læring, og det er ikkje berre ei rapportering. Vidare er det erfart at det er nødvendig å fokusere på at risikovurderinga må vere leiारforankra samstundes som at det må vere lokalt eigarskap til vurderingane som vert gjorde.

Endringane i retningslinjene handlar om å gjere desse meir tydelege med omsyn til å bruke desse som eit verktøy i risikovurderinga. Dokumentet er blitt kortare og det vert no brukt mindre plass på å klargjere styringskjeda. Følgjande forhold er og endra:

- Helseføretaka skal no formulere minimum to eigne mål felles mål for føretaksgruppa vert redusert til 3 mål.
- Årshjulet er noko justert for å tydeleggjere at risikovurderinga må setjast i verk så snart verksemda er kjend med måla.
- Tabellane som skal nyttast i føretaksgruppa har ein med utgangspunkt i tilbakemeldingar prøvd å gjere meir brukarvenlege.
- 2. og 3. tertialsvurderinga har fått eigne plassar i tabellane.

Det er behov for å styrke kompetanse på risikovurdering i verksemda og det vil i 2010 verte lagt til rette for at fleire får opplæring i dette styringsverktøyet.

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til dei reviderte retningslinjene for risikostyring i Helse Vest.

14/10 B Regionalt brukarutval - vurdering av formalisert brukarmedverknad i Helse Vest RHF

Oppsummering:

Med bakgrunn i førespurnad frå det regionale brukarutvalet er det gjort ei gjennomgong av følgjande forhold:

- Prinsipp for brukarmedverknad
- Godtgjering for brukarrepresentantar
- Samarbeid med styret, møte- og talerett
- Arbeidsmåte i regionale brukarutval

Administrerande direktør vil tilrå at det blir sett i verk eit arbeid for å etablere retningslinjer eller ei plan for korleis brukarmedverknad blir handtert og lagt til rette for i Helse Vest.

Dokumentet bør utviklast basert på gjeldande lov- og myndigheitskrav, føringar gitt i Helse 2020 samt dei prinsipp som gjennom åra er nedfelt i ulike styresaker. Det regionale brukarutvalet vil bli involvert i dette arbeidet.

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til dei vurderingane som går fram av saksførelegget.

15/10 B Spesialisthelsetenesta til eldre - rapport frå arbeidsgruppe

Oppsummering:

Helse Vest RHF er bedt om å utarbeide ein regional plan for styrking av spesialisthelsetenestene til eldre. Det ligg no føre ein rapport frå ei arbeidsgruppe. Rapporten har vore til høyring i helseføretaka og Haraldsplass diakonale sjukehus, og blir her lagt fram til handsaming i styret.

Rapporten gjev viktige tilrådingar for korleis tenestetilbodet kan bli betre overfor eldre med meir samansette lidningar, som har behov for eit tverrfagleg samansett tenestetilbod og heilskapeleg behandlingstilbod på tvers av nivå.

Tilrådingane må følgjast opp i helseføretaka i samarbeid med m.a. kommunane og brukarane.

Helse Vest RHF vil særleg følgje opp tiltaka knytt til utdanning av geriatarar og styrking av kompetanse og forskning på området.

Vedtak (samrøystes):

1. Spesialisthelsetenestene til eldre må utviklast i tråd med dei prioriterte tiltaka i rapporten frå arbeidsgruppa. I alle helseføretaka må det utviklast:
 - tverrfaglege geriatrike einingar
 - samanhengande behandlingsskjeder på tvers av nivå for utvalde store pasientgrupper i tett samarbeid med kommunane.
2. Helseføretaka må vurdere korleis ulike yrkesgrupper gjennom utdanning og vidareutdanning kan bidra til å møte behovet for spesialisthelsetenester til eldre. Det gjelder m.a. legar, sjukepleiarar, fysioterapeutar og hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar.
3. Saka skal følgjast opp i styringsdokument til helseføretaka for 2010.

16/10 B Søknad om utvida sjukehuskonsesjon i Haugesund - Privatsykehuset Haugesund

Oppsummering:

Privatsykehuset Haugesund har søkt om utvida sjukehusgodkjenning i Haugesund. Helse- og omsorgsdepartementet har bedt Helse Vest RHF vurdere behova innan dei aktuelle fagområda og kva for konsekvensar dette kan ha for tilgang på helsepersonell i området. Helse Vest vi ha behov for å kjøpe tenester innan dei aktuelle fagområda framover. Utvidinga vil ikkje ha umiddelbar effekt på personellsituasjonen i føretaka i Helse Vest, men det er usikkert om det vil gi slik effekt på sikt.

Aslaug Husa føreslo følgjande endring i vedtakspunkt 2.

Aslaug Husa sitt forslag til vedtakspunkt 2 (Endringsforslaget fekk 2 stemmer, AH og BP, og falt):

Helse Vest RHF ser at ei utvida sjukehusgodkjenning på sikt kan ha effekt på personellsituasjonen i eigne føretak.

Vedtak (Vedtakspunkt 1 vart samrøystes vedteke. Vedtakspunkt 2 vart vedteke med 11 stemmer, 2 stemte i mot, AH og BP:

1. Helse Vest RHF vil framleis ha behov for å kjøpe tenester hos private leverandørar i noko omfang. Det omfattar mellom anna dei tenestene som Privatsykehuset Haugesund vil tilby i Haugesund.
2. Helse Vest RHF har på generelt grunnlag ikkje merknad til at Privatsykehuset Haugesund får utvida sjukehusgodkjenninga i Haugesund, men ser at det på sikt kan ha effekt på personellsituasjonen i eigne føretak.

17/10 B Prosess for val av nye styre i underliggjande helseføretak

Oppsummering:

Nye styre i helseføretaka i Helse Vest skal vere oppnemnde innan utgangen av februar 2010.

Styremedlemmer i helseføretak blir valde av føretaksmøtet som også skal utpeike styreleiar og nestleiar. Tenestetida for styremedlemmer vil normalt vere to år, men helseføretakslova opnar likevel for at nyval kan finne stad før toårsperioden er omme.

Dei sitjande styra i helseføretaka under Helse Vest RHF blei oppnemnde i føretaksmøte i februar 2008 med unntak for styret i Helse Fonna HF der det blei sett inn eit nytt styre i føretaksmøtet 21. mai 2008.

Med bakgrunn i brev frå Helse- og omsorgsdepartementet av 10. november 2009 og 11. desember 2009 skal det utnemnast nye styre for helseføretaka innan 1. mai 2010. I styremøte 22. desember 2009, sak 130/09, slutta styret seg til at dei nye styra skulle vere på plass allereie i løpet av februar månad. Dette for å gi dei nye styra betre moglegheit til å ta tak i dei utfordringar og oppgåver ein står ovanfor i inneverande år, jf. styringsdokumenta til helseføretaka for 2010.

Helse Vest RHF inviterte ved brev av 2. desember 2009 kommunane og fylkeskommunane i regionen til å foreslå aktuelle og eigna folkevalde kandidatar til dei helseføretaksstyra som er naturlege i forhold til kommunen/fylkeskommunen sin befolkning, og dei ulike helseføretaka sine nedslagsfelt. Frist for å fremje forslag var sett til 22. januar 2010.

Formålet med denne saka er å klargjere den vidare prosess fram mot endeleg utnemning av dei nye styra i føretaksmøta.

Styret ønskja å gjennomføre prosessen med val av nye styre i helseføretaka på same måte som tidlegare.

Oversikt over innmelde kandidatar og noverande styremedlemmer blir sendt ut til styret på e-post. Vidare prosess fram mot styrebehandling av sak om val av nye styre i underliggjande helseføretak blir gjennomført på e-post. Endeleg styrebehandling blir i ekstraordinært styremøte 18. februar.

Vedtak (samrøystes):

Styresak om val av nye styre i underliggjande helseføretak blir behandla i styremøte 18. februar.

18/10 B Plan for internrevisjon 2009 -2011**Oppsummering:**

I revisjonskomiteen sitt møte den 01.12.09 blei følgjande prokollert:

Kommentarar:

Internrevisjonen skal kvart år utarbeide ein revisjonsplan som skal godkjennast av styret. Revisjonsplanen for 2009 – 2011 med angjeving av prioriterte prosjekt 2009 og 2010 er ei vidareføring av planen for 2008 – 2010. Planen identifiserer prosjekt i ein planperiode samt prioriterte prosjekt på kort sikt. Når planen vert behandla så seint på året, og ikkje i mai/juni slik som tidligare, påpeika revisjonskomiteen at det ville vere rettare å omtale planen som revisjonsplan for 2010- 2011 med prioriterte prosjekt 2010. Ein valde likevel å følgje etablert praksis med omsyn til benevning. Det tas sikte på at revisjonsplan for 2010-2012 med prioriterte prosjekt 2010 (siste halvdel) og 2011 (første halvdel) vart behandla av revisjonskomiteen på første møte hausten 2010.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen tilrår at styret for Helse Vest RHF godkjenner plan for internrevisjonen.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende plan for internrevisjonen 2009 - 2011.

**19/10 O Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF
14. 10. 2009****Oppsummering:**

Revisjonskomiteen hadde møte i Helse Vest RHF, Stavanger, den 14.10.2009.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek protokoll frå møte i Revisjonskomiteen 14.10.2009 til orientering.

20/10 O Program Eigedom - status og vidare framdrift**Oppsummering:**

I programstyremøtet i eigedomsprogrammet den 14.12. 2009 blei det gjort vedtak om implementering av modell A+ (vidareføring av dagens organisering). Programstyret består av administrerande direktør i helseføretaka og RHF-et, samt representantar frå dei tilsette. Modellen er basert på auka grad av regional samordning og koordinering innanfor eigedomsområdet samanlikna med i dag. Vidareføringa av arbeidet vil i første rekke handla om implementering av dei beste praksisar for eigedomsforvaltning som er identifiserte i programmet.

Det blei vidare gjort vedtak om å nedskalere det vidare arbeidet frå eit program til eit innføringsprosjekt.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

21/10 Eventuelt

Orientering om situasjonen i Helse Fonna HF, etter mediaoppslag om sjukehuset på Stord (TSN)

Styret blei orientert om situasjonen og presiserte at føretaksgrensene har vore styrebehandla i RHF-styret og ligg fast.

23/10 Orientering om val av ny revisjonskomite til styret

Oppsummering:

Med bakgrunn i val av nytt styret for Helse Vest RHF i føretaksmøtet 27. januar 2010 skal det veljast ny revisjonskomite for den neste toårsperioden. Valet blir gjennomført i ekstraordinært styremøte 18. februar 2010.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 30.12.09 Rapportering frå verksemda – Helse Vest "Rapportering per november 2009"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 19.01.2010 "Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest 27. januar 2010"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 19.01.2010 "Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest 27. januar 2010"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Stiftelsen Bergensklinikkene, dagsett 27.11.09 "Melding om tilsyn med Stiftelsen Bergensklinikkene, avd. klinisk virksomhet – psyk. ungdomsteam 11.02.2010"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Frelsesarmeens behandlingssenter, dagsett 08.12.09 "Oversendelse av rapport etter tilsyn med bruk av kontrolltiltak ved opphold i rusinstitusjoner - Frelsesarmeens behandlingssenter"
- Kopi av brev frå Åstveit Helsesenter AS til Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 11.12.09 "Evalueringsrapport av tiltak iverksatt for å rette på avvik påpekt ved tilsyn 23. september 2008"

- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Åstveit Helsesenter AS, dagsett 15.12.09 "Avslutning av tilsyn ved Åstveit helsesenter 23. september 2008"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Ravnebegghaugen Rehabiliteringssenter, dagsett 11.01.2010 "Vidare oppfølging etter tilsyn med Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter 29. oktober 2008"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger HF, dagsett 07.01.2010 "Tilsyn med håndtering av avvik ved Stavanger Universitetssjukehus, Intensiv avdeling, post IH"
- Kopi av brev frå Sykehusaksjonen/Aksjonsgruppa for Nordfjord sjukehus til Helse Førde HF, dagsett 13.01.2010 "Arbeidsmøte strategi NSH Nordfjord lokalsjukehusområde 12.01.2010"
- Kopi av brev frå Nordfjordrådet til Helse Førde, dagsett 17.12.09 "Fråsegn frå Nordfjordrådet om budsjett- og strategiprosessen i Helse Førde 2010 – 2020"
- Brev frå Vågsøy kommune til Helse Vest RHF, dagsett 15.12.09 "Fråsegn frå ordførar, kommuneadministrasjon og fastlegane i Vågsøy kommune om det framtidige helsetilbodet i regionen"
- Kopi av brev frå Eid kommune til Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen, dagsett 05.01.2010 "Fråsegn frå Eid kommune i samband med handsaming av strategiplan 2010 - 2020 og budsjettet for 2010 i Helse Førde"
- E-post frå Liv Laga til styrer i landets helseforetak og regionale helseforetak, "Forespørsel om brukarutvalg i til helseforetak og regionale helseforetak"
- Protokoll frå møtet i Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF 18. november 2009
- Protokoll frå møtet i Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF 02. desember 2009
- Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 07.01.2010 "Undersøkelse om ivaretaking av ansvaret for pasienttransport" Uts.Off.
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest RHF, dagsett 10.12.09 "Undersøkelse om ivaretaking av ansvaret for pasienttransport" Uts.Off.
- Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 21.12.09 "Rehabilitering i helsetjenesten - forprosjekt" Uts.Off.
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest RHF, dagsett 10.12.09 "Rehabilitering i helsetjenesten - forprosjekt" Uts.Off.
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Bergen HF, dagsett 11.12.09 "Sykehusbygg i et økonomisk og helsepolitisk perspektiv – bekreftelse på avtale om intervju" Uts.Off.

Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:

- Brev frå Nordfjordrådet til styret i Helse Vest RHF, dagsett 02.02.10

- - - - -

Lukka del

Møtet var lukka under handsaming av sak 22/10 B jf Offentleglova § 23, 1. ledd

22/10 B Kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester

Oppsummering:

Helse Vest kjøper rehabiliteringstenester frå private aktørar som eit supplement til tenestene i regi av helseføretaka. Eksisterande avtaler går ut 31.07 2010 og ein ny konkurranse må gjennomførast så tidleg som mogleg i 2010. I denne saka blir hovudinnrettinga på konkurransen skissert.

Formålet med innrettinga på konkurransen er å utvikle tenestene i tråd med nasjonale og regionale føringar for rehabiliteringsfeltet.

Det er behov for å styrkje kvaliteten på innhaldet i dei rehabiliteringstenestene Helse Vest kjøper, og det blir lagt opp til å auke fagkompetansen og endre innhaldet i tenestene.

Det er gjennomført dialogmøte om behovsvurderingar med helseføretaka og brukarutval som bakgrunn for innrettinga på konkurransen.

Vedtak (samrøystes):

Nye avtalar om kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester blir lyst ut med bakgrunn i dei føringane som er gitt i saka.

Ref. Torunn Nilsen

03.02.2010

_____ Oddvard Nilsen Styreleiar	_____ Aud Berit Alsaker Haynes Nestleiar
_____ Ohene Aboagye	_____ Gunnar Berge
_____ Gerd Dvergsdal	_____ Gisle Handeland
_____ Torill Selsvold Nyborg	_____ Gro Skartveit
_____ Nils P Støyva	_____ Helge Espelid
_____ Lise Karin Strømme	_____ Aslaug Husa
_____ Reidun Johansen (sett)	_____ Bente Pilskog
_____	_____